

# Denne Bibelen kostar 75.000 og kan berre lesast på nett

## HISTORISK:

No kan Rembrandt-Bibelen, Bibelen av Kong Karl den tolvte eller Kong Christian den tredje, bli din.

✍ Daniel Kydland  
✉ daniel@dagen.no

Nordisk Bibelmuseum har lagt ut historiske versjonar av Bibelen for sal som tredimensjonal kryptokunst.

– Det vil gjere det mogleg å eige ein bit av historia, seier museums-sjef Rune Arnhoff til Dagen.

Det var Norge Idag som omtalte saka først.

## DIGITALE KUNSTVERK

Kryptokunst er datafiler med kunstverk som kan bli spora tilbake til produsenten. Dei er laga slik at alle kjøp og sal blir registrert.

På den måten kan ein sikre at det berre er ein gitt mengde eksemplar av originalen, og unngå sal av kopiar, akkurat som med fysiske kunstverk.

Slik ser til dømes Bibelen av Kong Karl den tolvte ut som kryptokunst:

Det er vanleg at museum stiller ut kryptokunst på skjermar, det har også Nordisk Bibelmuseum tenkt til å gjere etter kvart.

## PRODUKSJONEN

Museet har lagt ut ni biblar av ulik kvalitet, med alt mellom seks til 2 500 digitale eksemplar.

Her er dei ni biblane:

Museumssjefen forklarar at det tar tid å produsere slike verk.

Ein tar mange høgopplosede bilde av same objekt for å få ei unik tredimensjonal djupn. Det er tatt mellom fem og sju tusen bilde av dei dyraste biblane, og rundt 450 bilde av dei billegaste.

Filene blir så store at ein ikkje kan opna dei på mobiltelefon, forklarar Arnhoff.

## IDEEN

Det var museumssjefen sjølv som kom på ideen til det unike prosjektet.


Då Noreg var koronastengt, lyste Innovasjon Noreg ut midlar for omstilling i reiselivsnæringa. Arnhoff slo til med ein søknad om å digitalisere museet, noko han fekk og seinare gjennomførte.

– Eg har alltid vore fascinert av framtida, av tanken på kva som vil skje der framme, seier han.

I same prosessen kom han på ideen om å lage kryptokunst av biblar. Han kjente ikkje til andre museum som laga tredimensjonal digital kunst, men tenkte det-



**DIGITAL KUNST:** Denne Bibelen er det tatt mellom fem og sju tusen bilde av, for å få ei unik tredimensjonal djupn. Foto: Skjermdump / Nordisk Bibelmuseum



**MUSEUM:** Det er lagt ut ni biblar som kryptokunst for sal. Foto: Skjermdump / Nordisk Bibelmuseum

te kunne vere ein måte å finansiere museet på under pandemien.

## BIBEL FOR 75 000

Verka blir selt i kryptovalutaen

Eterum – den vanlegaste valutaen på marknaden for kryptokunst. I norske kroner startar prisen i skrivande stund på rundt 600, og går opp til rundt 75 000.



**SJEF:** Rune Arnhoff er museumssjef.

Foto: Nordisk Bibelmuseum



**EKSPERT:** Harald Øverbø er Prorektor ved BI, og har jobba med kryptokunst-marknaden.

Foto: Handelshøyskolen BI

Dei har alt selt eit par av dei billegaste utgåvene deira.

– Målet frå starten var å finne nye inntektskjelder under pandemien. Samtidig er det ein ny måte å formidle utstillinga vår på, seier Arnhoff.

Museumssjefen håpar å få selt alt, men erkjenner at det er eit ukjent landskap museet har gått inn i.

– Marknaden har endra seg mykje sidan vi starta prosjektet i fjor, i kjølevatnet av krigen. Det er nokon som er villige til å betale, men det står att å sjå om dei finn objekta våre interessante, seier han.

## – AMBISIØST

Harald Øverbø er prorektor på Handelshøgskolen BI, og har jobba med kryptokunst-marknaden. Han seier det er positivt at museet prøver seg, men kallar det «ambisiøst».

– Du kan samanlikna kryptokunst med Bitcoin. Det starta som ein merkeleg sak, så plutselig tok det av, seier han og legg til:

– Kryptokunst kan også vere starten på noko stort og spennande, ellerså ender det opp som noko ein prøvde på, men som ikkje blei noko av.

Han seier det er vanskeleg å spå om biblane vil bli selt.

– Kryptokunst har vore i vinden ein periode, og mange har betalt mykje. Vi får sjå korleis marknaden reagerer på det, men det er ein usikker marknad.

Kjøper du dei dyraste versjonane, får du med tittelsidene og nokre sider med tekst digitalt. Du får også tilbod om å bla i den fysiske Bibelen på museet.